

Vedlegg 1. - Plan for moglege kommunikasjonstiltak

Kanal	Aktivitet	Målgruppe	Føremål	Beskriving	Periode	Ansvar
WEB-portal	1.Felles nettside Vidareutvikle felles nettside stad.2020.no	Tilsette Innbyggjarar Folkevalde Frivillige Næringsliv Regionale og nasjonale myndigheter	Ein felles nettside gjev signal om at Eid og Selje står saman i prosessen. Sikrar samkøyrte og eintydige informasjon. Rask og effektiv spreieing av informasjon. Koordinert og i samspel med sosiale media.	Det er etablert ein felles portal for begge kommunane. <ul style="list-style-type: none"> - Dette vil vere hovudkanalen for all informasjon om samanslåinga, både internt og eksternt. - Bygd opp slik at tilsette og innbyggjarar enkelt kan finne den infoen dei søker. - Å leggje informasjon om tilsette på internett, utan innlogging, handlar om optimal tilgjengelegheit samtidig som vi demonstrerer full openheit. - Skal vere oppdatert til ein kvar tid - Legg til rette for optimal tilgjengelegheit samtidig som ein praktiserer full openheit. - Det vert vist til felles nettside frå dei to kommunane sine eigne nettsider 	Etablert okt. 2017. Oppdaterast kontinuerleg og ved milepælar	Prosj.gr v/IK.ans.
	2. Kommunane sine eigne nettsider	Kommunane sine eigne innbyggjarar	Sikre god inngang til felles nettside	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunane sine eigne nettsider vil vere i drift fram til 1.1.2020. - Sidene vil ha begrensa informasjon om samanslåingsprosessen. Vert nytta til å formidle informasjon av betydning for innbyggjarane i kvar av kommunane. - Viser til informasjon på felles nettside. - Sidene vert erstatta av ei ny heimeside for Stad kommune 1. januar 2020. 	Kontinuerleg (alle fasar)	Den enkelte kommune

Sosiale medier (SoMe)	FB-side STAD2020	Innbyggjarar	Gjer aktuell informasjon synleg og raskt tilgjengeleg for mange. Informasjon som vert publisert på nettside delast på felles FB-side slik at og denne kan delast vidare og/eller lede folk inn på nettsida. Kan vere hensiktsmessig å påverke spreiringseffekten gjennom målretta annonsering. I tillegg til å spreie kunnskap er FB-sida viktig i arbeidet med å skape entusiasme, felles identitet og kultur.	<ul style="list-style-type: none"> - Side er etablert og vil vere ein viktig kanal for å spreie aktuell informasjon. - Har per 1. november i overkant av 500 følgjarar. Det vil bli jobba aktivt for å auke opp følgjargruppa via annonsering og aktiv publisering. 	Kontinuerleg (alle fasar)	Prosj.gr v/IK.ans.
	Kommunane side eigne FB-sider	Innbyggjarar	Tilgjengeleg informasjon for alle. God spreiringseffekt til målgruppene i dei to kommunane gjennom målretta annonsering på FB.	<ul style="list-style-type: none"> - Begge kommunane har etablert sider på Facebook Følgjarar per 1 nov. Eid: 1.783, Selje: 1065. - Desse sidene skal nyttast til å dele viktige saker om kommunesamanslåing som vert publisert på felles FB-side, og til å kanalisere innbyggjarane inn på ny felles nettside og FB-side. Viktig at evt spørsmål frå innbyggjarar vert følgd opp på begge sider. - Aktuelle saker vil typisk vere milepælar som nås, avgjersler som vert tekne med betydning for innbyggjarane. Innbyggjarane kan også gje tilbakemelding, stille spørsmål og kommentere på sidene. 	Kontinuerleg	
	Open FB-gruppe «Bli kjend i nye Stad kommune»	Innbyggjarar	Spreie kunnskap. Skape entusiasme, felles identitet og kultur.	<ul style="list-style-type: none"> - Innbyggjarar, lag og org. m.fl. vert invitert til å leggje ut bilete, invitasjonar og info. om arrangement, beskrive stadar, personar og andre ting som innbyggjarane i den nye kommunen bør kjenne til. 	Kontinuerleg	Fellesnemda?
	Instagram	Innbyggjarar	Instagram er ei teneste for deling av bilete som er særleg populær blant unge.	<ul style="list-style-type: none"> - Invitere til konkurransar om å leggje ut bilete frå Eid og Selje med ulike tema. 	Kvar 2. mnd	Prosj.gr v/IK.ans.

			Bidreg til å skape entusiasme og byggje felles identitet.			
	Youtube-kanal	Innbyggjarar / tilsette	Nå alle med film/video om og frå prosessen	<ul style="list-style-type: none"> - Korte intervju, opptak frå arr., stemningsvideo etc. vert lagt ut og spreia via FB. Ressurskrevjande, men effektivt. Kan vere hensiktsmessig å lage enkle snuttar som kan leggjast/samlast på ein plass/ eigen kanal. 	Kontinuerleg	Prosj.gr v/IK.ans.
Utsendingar	Nyheitsbrev	Tilsette Folkevalde	Det blir etablert eit eige nyheitsbrev til tilsette for å nå ut til grupper som i liten grad er på nett i arbeidstida. Gjev moglegheiter til å framheve og gjere relevante saker meir synlege. Nyheitsbrevet skal supplere informasjon frå leiarar og er prosjektleiaren sin fremste direktekanal til tilsette.	<ul style="list-style-type: none"> - Nyheitsbrevet vert laga både som ein pdf og trykksak. Pdf-versjonen vert lagt på nettet, sendt på e-post og distribuert fysisk til grupper som ikkje er på PC. - Vert laga i etterkant av møte i fellesnemda og partssamansett utval. 	Ca 1 gang i mnd/ved behov.	Prosj.gr v/IK.ans.
	e-post	Folkevalde	Nå folkevalde med riktig informasjon.	<ul style="list-style-type: none"> - Møtereferat og nyheitsbrev 	Før og etter møter	Prosj.gr/sekr.
	Magasin/avis husstandar	Innbyggjarar / næringsliv m.fl.	Relevant informasjon i alle postkasser på definerte tidspunkt. Sikre at viktig informasjon når ut til alle. Er med på å skape ei auka bevisstheit og positivt engasjement rundt samanslåinga.	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderast i samanslåingsprosessen til alle husstandar i Eid og Selje på eigna tidpunkt. - 2 gonger pr år (?) 	2 gongar pr år	Prosj.gr v/IK.ans.
	Presseinvitasjonar/ pressemeldingar	Media	Jamleg dekning av prosessen i lokale media. Sikre at lokale, regionale (og nasjonale) redaksjonar er orientert om prosessen og aktivitetar undervegs; Fjordabladet og Fjordenes Tidende spesielt.	<ul style="list-style-type: none"> - Større milepælar - Sende ut info. om kva saker som skal opp i fellesnemda - Pressemeldingar om viktige avgjersler og hendingar - Nettsaker i etterkant av møte med viktige avgjersler 	Kontinuerleg	Prosj.gr v/IK.ans.
	Marknadsføring (betalt)	Annonsering	Innbyggjarar, deltakarar på møter/arr.	Skape merksemd om STAD 2020 viktige budskap, milepælar og generelt skape positiv merksemd rundt prosessen. Få deltaking på arrangement.	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderast som supplement til egne kanalar. v/større arrangement, folkemøte eller liknande. - Annonsering på Facebook er kostnadseffektivt og hensiktsmessig. 	Kontinuerleg

	Materiell	Innbyggjarar Tilsette	Heilskapleg profilering av arbeidet under STAD 2020/den nye kommunen. Bidreg til bevisstgjerung og bygging av identitet for ny kommune.	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderast kontinuerleg - Plakatar/roll-ups m.m kan plasserast på strategiske stadar og i kommunane sine egne lokale. 	Kontinuerleg	Prosj.gr v/IK.ans.
Arrangement/treff	«Bli-kjend-treff» – og samlingar på kommune-/seksjon- og avdelingsnivå	Tilsette	Tilsette vert betre kjende på tvers av kommunane. Tilsette med felles fagområde vert kjende. Dele og spreie viktig kunnskap.	<ul style="list-style-type: none"> - Byggje felles forståing, sosialt samvær. - «Studieturar» til kvarandre for å bli kjende og få kunnskap om kvarandre sitt arbeid. 	Haust 2017 Vinter 2018 Vår 2018 Haust 2018 ...	Prosj.gr. Avd.leiarar/ Kommunalsjefar (Delprosjekt)
	«Bli-kjent-treff» for heile org.	Tilsette	Tilsette vert betre kjende på tvers av kommunane. Byggje lagånd og felleskap Skape rom for dialog	<ul style="list-style-type: none"> - Eid kommune har inviterte tilsette i Selje kommune på sitt årlege tilsett-treff for å bli betre kjende og få felles informasjon om prosessen. Felles treff i 2018 og 2019. 	Haust 2017 Haust 2018 Haust 2019	Prosjektgruppe/komité
	Diverse arr. - «bli kjend i nye Stad kommune»	Innbyggjarar	Div. tiltak/arrangement med føremål å bli betre kjende på tvers av kommunegrensene. Dette er ikkje å definere som kommunikasjonstiltak, men vil utgjere ein viktig del av vår totalkommunikasjon ut mot innbyggjarane.	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere å etablere ein «Bli-kjend-komité» der dei folkevalde har ansvar. - Kan også vere eksterne tiltak regi frivillige lag og org. eller andre lokale aktørar. 		Prosjektgruppe/fellesnemd
	Folkemøte/informasjonsmøte	Innbyggjarar	Føremål å spreie kunnskap, skape entusiasme og byggje omdøme.	<ul style="list-style-type: none"> - 		Prosjektgruppe/fellesnemd
	Div. treff		Føremål å spreie kunnskap, skape entusiasme og byggje omdøme.	<ul style="list-style-type: none"> - Karrieremesser, innbyggjartreff m.m 		
Andre tiltak	Ut på tur - «Jakta på folkeviljen»	Innbyggjarar, tilsette, næringsliv, lag og frivillige org.	Oppsøkjande aktivitetar der ein er» tett på» for å gjere seg kjende med folk og forhold i den nye kommunen. Involvering/medverknad.	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektleiar (rådmann) og prosjektkoordinator m.fl reiser rundt i den nye kommunen, presenterer seg og prosessen vidare innan dei ulike områda. Inkludere tiltak for medverknad. 	Kontinuerleg	Prosjektleiar m.fl.
	Endringsagentar	Tilsette	Personlege, positive møter kan bidra til gode prosessar.	<ul style="list-style-type: none"> - Informere om og framsnakke arbeidet med å byggje den nye kommunen. - Skape større nærvær, eigarskap og tillit til arbeidet. 	Kontinuerleg	